

Dønhaugbrua opp att - etter fire år

18.07.2009



Førebuingane til fundament-støyping er i gang. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I september er det fire år sidan flaumen raserte Dønhaugbrua, men først no blir ho reparert. Det har vore ein lang prosess gjennom ymse instansar, konstaterar grunneigar Magne Huglen.

Brua over Dønhaughølen er viktig for han, fordi han slepp å køyra gjennom sentrum når han skal til og frå areala sine på den andre sida av elva.



Slik var provisoriet for passering av elva under Festidalen 2007. Det blir eit nytt provisorium for Festidalen 2009. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er Byggekompaniet som har fått ansvaret for restaureringa av den raserte bruа. Taksten etter flaumen enda på 650.000 kroner, men Huglen fryktar at det som nå må gjerast vil kosta oppimot ein million og han er førebudd på ein eigenandel på 200.000 kroner.

Det er det eine brukaret som må byggjast opp att og arbeidet har så smått starta. Først skal det støypast eitt fundament og det skal vera klårt til Festidalen slik at publikum kan nyta dette når dei skal inn og ut på festivalområdet. Det blir med andre ord eit liknande provisorisk opplegg som i 2007.

- Eg hadde håpa at bruа skulle ha vore på plass att til festivalen, men det var ikkje mogeleg med dei forssinkingane som kom, seier Huglen.

Naturskadefondet har sett frist til 6. september for fullføringa av prosjektet. Heldigvis vart ikkje sjølve bruа skada under flaumen, ho berre datt ned i elva og kan brukast opp att. Det same gjeld for det andre brukaret, som også er intakt.

Men kvifor har førebuingane teke så lang tid?

I første omgang tok det eitt år før taksten var klar og så tok det si tid å planleggja og få planane godkjent av ymse instansar, som fylkesmannen si miljøvernavdeling og Vassdragsvesenet,

- Eg håpa at vi kunne gjennomføra prosjektet sist vinter då vassføringa var på det lågaste, men så kom kommunen inn i biletet og ville ha sin prosedyre.

Difor låg ikkje byggjeløyvet på bordet før no i juni, opplyser Huglen.

Av Ola Matti Mathisen